

Feilsortering fører til at dunken ikkje vert tømd.

19.11.2020



Melding til SIM-kunde!
Message to SIM customer!

Denne gongen kunne me ikkje ta med oss avfallet ditt grunna:
This time we did not bring the waste because of:

Overfylt dunk /overload Feilsortert avfall /wrong sorted waste

Avfall ved sida av dunken /waste outside the bin Anna /other

Me ber om at påpeika tilhøve er retta opp til neste tøming.
We ask you to do something about this until the next time we arrive.

Takk for hjelpa! – Thank you!

Meldinga frå SIM klargjer kvifor dunken ikkje er tømd.

SIM har klare føringar for boshenting og kjeldesortering. Uskedalen.no har før skrive om problemet med feilsortering og at dunken står att utan å verta tømt. I sterk vind, slik det var i går, ligg dunken flat på bakken og bos kjem på avveggar. Dette er særleg eit problem i dei høve kunden ventar med å ta dunken tilbake til huset sitt. Ein er særleg nøyen med å sjå til at biodunken vert brukt slik det er førskrive.

Systemet er slik at driftsoperatøren for boshentinga legg att ei melding til kunden og klargjer kva som var feil med dunken eller sorteringa. I ein høfleg tone skriv SIM: Denne gangen kunne me ikkje ta med oss avfallet ditt grunna

- Overfylt dunk
- Feilsortert avfall
- Avfall på sida av dunken
- Andre grunnar

Operatøren bed om at påpeika tilhøve vert rett til neste henting. Teksten er også skriven på engelsk.

Dersom du har spørsmål om boshenting eller kjeldesortering, ta kontakt med SIM på telefon 53 45 78 50.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal